

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 DEP  
0032 OSLO

Saksbehandler

Vår dato

Vår referanse

Deres dato

Deres referanse

Asle Sandnes

22.03.2022

2022/217

## Svar frå FUG og FUB på høyring: Forslag til forlengelse av midlertidig lov om tilpasninger i barnehageloven, opplæringsloven og friskoleloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19

Dei nasjonale foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagar ynskjer å takke for høvet til å svare på denne høyringa.

Dei siste to åra har vore utfordrande for alle partar som på ulike sett er knytt til barnehagar og skular. Omfattande vaksinerings og aukande kunnskap om smitte og sjukdom har gjort oss stadig tryggare på at friske unge menneske ikkje rammast særleg hardt av covid-pandemien. Samstundes må vi ikkje gløyme dei som tilhøyrer utsette grupper av born, foreldre og lærarar.

Vårt hovudstandpunkt er likevel at tida nå er inne for å rette seg inn mot en «normal» kvardag i skular og barnehagar, og at ein ikkje utan vidare bør føre vidare ei «pakke» med høve til å gjere lempingar i dei rettane som barna og ungdommane våre har. Denne «pakka» er tilpassa ein mykje meir omfattande, alvorleg og uoversiktleg smittesituasjon enn den vi har i dag.

Foreldreutvalet for barnehagar mener at det nå bør vere slik at reduksjon i åpningstid i barnehagar på grunn av smitteverntiltak må føre til redusert foreldrebetaling.

Foreldreutvalet for grunnopplæringa meiner det samme i høve til skolefritidsordninga. FUG meiner òg at lempinga i kravet om å gje tilbud om leirskule ikkje lenger bør gjelde.

Med vennlig hilsen

Marius Chramer  
leder FUG

Marie Skinstad-Jansen  
nestleder FUG

Einar Olav Larsen  
leder FUB

Cathrine Ballo Olsen  
nestleder FUB

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur*

